

**Til Lindås kommune**

v/ Rådmann Ørjan Raknes Forthun, HMT ansvarlig Sigrid Isdal

Kommunal eigedom Therese Urdahl Bratseth, Eining for funksjonshemma Bernt Fjordheim og

Avd. leder ved Storhaugen bufellesskap Elin Villanger

**Krav om tiltak ift støyskjerming ved Oteråsen 17-19**

Storhaugen bufellesskap er heimen til sju personer med utviklingshemming. Alle har kvar sin leilegheit med eigen ute plass, i tillegg er det et fellesareal i bufellesskapet. Fellesarealet blir daglig nytta til felles måltider og som sosial møteplass, og personalbase. Fellesarealet er ein viktig trivselsfaktor, som er med på å heve livskvaliteten til dei som bur der. Dei som bur i Storhaugen bufellesskap har innskrenka mulegheit for aktivitetar utanfor eigen bustad, og nyttar derfor fellesarealet i stor utstrekning som sosial arena. Fellesarealet er ekstremt viktig for bufellesskapet.

E39 går rett forbi Storhaugen bufellesskap, ein veg med aukande trafikk. Fellesarealet og ein leilegheit vender mot E39, og er veldig belasta med støy. Støyen er så betydelig at vinduer og dører ikkje kan stå open viss dei skal snakka saman inne. Kommunikasjon er utfordrande for bebuarane, og støyen kompliserer den enda meir. Inne miljøet er avhengig av lufting, og ventilasjonsanlegget er ikkje tilstrekkelig. Støyen innskrenkar mulegheita for både lufting og bruk av ute plassen om sommaren. Dette er ein uholdbar situasjon, som me ikkje lenger kan akseptere.

I samtale med personalet ved Storhaugen bufellesskap viser det seg at dei i ei år rekke har arbeida med å få på plass støyskjermings tiltak, utan hell.

- Det er årleg meldt inn via vernerunde i HMT arbeidet.
- Det har vært tatt initiativ frå verneombod ved bufellesskapet, som har vært i kontakt med einingsleiar, rådmann, HMT ansvarlig og eigedomsavdelinga.

Det har ved fleire anledningar vært skissert mulige løysingar på støy problematikken.

Eksempel på dette er:

- Lage ny innkjørsel frå parkeringsplass, og la vollen på sidan av bygget fortsette lenger fram.
- Ved utviding av vegen/fortau (2013) var det igjen sagt at det skulle lages ein voll, noko som ikkje blei gjort.
- Det er opplyst om at det er eigedoms avdelinga som har oppfølgingsansvaret for denne saka. I 2011 skulle dei vurdere mulege tiltak. Det er ikkje skjedd noko sidan da.

Som pårørande gruppe for bebuarane ved Storhaugen bufellesskap forlangar me at det gjerest ei ny vurdering og prioritering, slik at nødvendige tiltak blir satt i verk.

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
12. 12. 2014	
Ark. saksnr. 14/1841	Løpenr.
Saksj.	Tilgangskode

Me er innstilt på å jobbe for å få støyskjerming på plass, og vil bruke dei kanalane som er nødvendig.

Ber om skriftleg tilbakemelding innan 25.01.2015

Mvh helsing pårørande i Storhaugen bufellesskap:

Kjellaug Konglevoll, Liaflaten 37, 5132 Nyborg

Tove Kopysiewicz, Kvernhusmyrane 25, 5914 Isdalstø

Astrid Samuelsen, Austfjordvegen 1812, 5981 Masfjordnes

Rita Førde, Mykingvegen 274, 5913 Eikangervåg

Svein Knarvik, Knarvikgarden 15, 5955 Lindås

Elin Martinsen, Titlandsvegen 281, 5912 Seim

Frode Hjartholm, Marikovneset 4, 5302 Strusshamn

02.12.2014